

Haug Torvstrølags lån av Torvlånefondet stort kr. 22 000,00, der er misligholdt, blev behandlet i *Verdal herredsstyres* møte 29. desember 1928, idet lånet i sin tid blev gitt mot vanlig kommunegaranti og at lagets aktionærer stillet kontragaranti overfor kommunen. Senere har der vært forhandlet om denne sak, men det endelige resultat er ikke kjent.

Frol Torvstrølag. I Frol herredsstyres møte 14. april forelå meddelelse fra Karl Jelstrup og Alf Bryn om, at de på grunn av sviktende forutsetninger for vedtak i herredsstyrets møte den 12. mars 1928, ikke finner å kunne innbetale mere enn kr. 2000,00 av det beløp, som herredsstyret fastsatte som innbetaling for at kommunen skulde fraskrive sig sine rettigheter i Frol Torvstrølag. Efter endel ordskifte vedtokes sådan beslutning: Det omhandlede beløp nedsettes til kr. 2000,00, som innbetales innen 1. november 1929.

A/S Lånke Torvstrøsamlag hadde årsmøte 13. april. Regnskapet for 1928 balanserte med kr. 7032,92 og viste et overskudd på kr. 200,00.

Åsmyrens Torvlag hadde årsmøte på Binde meieri 13. april. Årsberetning og regnskap blev referert og godkjent. Status viser, at lagets formue pr. 31. desember 1928 er kr. 1827,13.

BØKER

Die naturwissenschaftlichen Grundlagen Der Moorkultur.

(Det naturvitskapelege grunnlaget for myrkulturen).

Av *prof. Dr. Br. Tacke*, forstandar for Myrforsøksstasjonen i Bremen. (Die neuzeitliche Moorkultur in Einzeldarstellungen. Hefte 1).

Utgeve av: Der Verein zur Förderung der Moorkultur im Deutschen Reiche.

Forlag: *Paul Parey, Berlin SW. 11.*

I innføringa til skriftserien vert av formannen i Det tyske Myrselskap (Verein zur Förderung der Moorkultur im Reiche) *Johann H. A. Rimpau*, framhalde, at det manglar ei *samlende framstilling* fraa dei ymse omkverve av den tyske myrkultur, bygd paa vitskapelege og praktiske røynslor *fraa den nyare tid*, og framstillt paa ein slik maate at det stettar trongen for det praktiske jordbruk. Denne mangel vil her verta avhjelpt ved ei rekkje populært skrevne hefte, skrevne av dei fremste fagmenn innan myrkulturen, og verket vil stutt, men heilt igjennom gje eit tilstrekkeleg oversyn over den noverande stoda av den praktiske myrkulturen.

Verket er fyrst og framst skreve for tyske tilhøve, daa det serleg er bygd paa forsøk og praktiske røynslor i Tyskland. Men ogso andre vil utvilsomt ha stort utbytte av aa setja seg inn i dette verk, og samanlikne med tilhøva i sitt eige land.

Hefte 1 handlar som rimeleg er, om det naturvitskaplege grunnlaget for myrkulturen. Framstillinga er halde i ei vitskapleg form, men paa ein slik maate at det ikkje trengs serlege inngaaande kunnskapar i botanik, geologi, agrikulturkjemii og jordlære. Det vert lagt serleg vegt paa aa visa samanhangen millom dei eigenskapar som myrjorda i naturen har, og den jordbruksproduksjon ho helst bør nyttast til. I fyrste rekkja er teke omsyn til tyske forhold, men utanlandske kjeldor er i nokon mun nytta her.

Hefte 1 har desse hovudavsnit:

- I. Forklaaring av umgripet: humus, torv og myr.
- II. Dei ymse torvslag, etter deira ophav og botaniske samansetnad.
- III. Opbygninga av myrane, utifraa dei ymse torvslag.
- IV. Torv-, resp. myrjorda sine fysikalske, kjemiske og biologiske eigenskapar.
- V. Dei slutningar som kann dragast av framstillingane framanfor med omsyn paa den praktiske myrkulturen.

Tilslutt eit lite utval av littraturen paa omkvervet, og sakregister.

Heftet kostar 4.80 Rm.

Dei seinare hefte kjem til aa innhalda:

- Heft 2. Grunnsetningar for vatnreguleringa i myrjord, som vert nytta i jordbruket. Av dr. Brune.
- Heft 3. Kultivering av grasmyr (Niederungsmoore). Av prof. W. Freckmann.
- Heft 4. Kultivering av Mosemyr (Hochmoore). Av dr. Brune.
- Heft 5. Hagedyrking paa dei ymse myrjordslag. Av inspektør A. J. Werth.

H. Hagerup.

ÅRSPENGER,

som medlem av Det Norske Myrselskap, kan innbetales nu.
